

Ingen storm for Storm til Shetland

05.08.2014



Undervegs. Kåre og Leif Jarle fotografert av Svein

**Kåre Magnus Rød (73) er attende i bygda etter sin sommarlege utflukt til Shetland med den stolte skuta Storm som er hans eige verk. Ho er resultatet av rundt 25 års jobb og han er glad for å kunne fastslå at livsverket innfrir forventningane.**  
**Til opplysning for dei innvidde er ho ein gaffelrigga toppseglskonnert. Under denne ferda var det ikkje nokon storm, korkje bortover eller på returnen. Det bles berre 1-2 sekundmeter og når dei likevel hadde segla oppe, var det berre for å halde skuta stødig.**

Dei heldt 7 mils fart og brukte 500 liter drivstoff på ein tur som tok 32 timer bortover og 32,5 timer heim.

Dette er fyrste gongen Kåre har nytta Storm under ein samanhengande tur til Shetland men skipparen har vore der mange gonger, truleg så mange som 30! Det er ikkje for sterkt sagt at han er lommekjend på øyguppa som er så sterkt prega av nærleiken til Noreg.

- Men vi var litt for tidleg ute til å kunne nyta synet av røslyngen som pyntar opp øyane på seinsommaren, seier naturelskar Kåre.
- Folket der borte er svært likt oss på alle måtar, fastslår han og fortel om mange trivelege opplevingar.

Mannskapet hans på bortoverturen var uskedelingen Leif Jarle Bergstø og Svein Slettebakken frå Hønefoss. Attende hadde dei også med ein haikar - Michel Guttormsen - som bur i Sør-Frankrike. Men han gjorde meir enn å haika - han styrtte skuta utan problem.

- Vi hadde det triveleg, med middag kvar dag, fortel Kåre. Dei kom att på fredag etter å ha vore på Shetland frå laurdag til torsdag.

- Vert det fleire turar, du er jo ikkje nokon ungsau lenger...

- Er eg ikkje ute og siglar neste år er det noko gale.

Då satsar eg kanskje på øyhopping rundt Skottland!

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto Svein Slettebakken og Ola Matti Mathisen



Storm heime att i Uskedalen!